

## Hogst i Kleivadalssvingen - ledig for oppdrag i Uskedalen.

13.09.2020



Iver Blokkum i eit vanskeleg terrenget i Kleivadalen. Lauvskogen bak nausta skal ryddast.

**Iver Blokkum (64 år) er hogsentrepreneur og har den siste veka hatt oppdraget med felling og utkøyring av skog i Kleivadalssvingen. I ulendt terrenget kjem ein ikkje til med større hogstmaskinar. Blokkum skjer med sag, kvistar og vinsjar tømmeret til parkeringsplass ved Fylkesvegen. Fire naust kjem til syne i stranda. Alle lauvskogen skal bort og etter kvart skal alt ryddast og stellast til.**

Det er Tor Vidar Sæle som er oppdragsgjevar. Han saman med andre eig naust i Kleivadalen og no vert all skogen rydda og nausta kjem fint fram i lende. Det er Per Arild Sjøwall som er den største grunneigaren.

Iver Blokkum kom til Kvinnherad i 1983 som agronom på Valen gard. Kona hans kjem frå Sandvoll. Heimbygda hans er Hølonda i Melhus i Trøndelag, plassen der skikongen Oddvar Brå kjem frå. I perioden 1985 - 1995 dreiv han skogsarbeid saman med Ove Stokka. Seinare var han ei tid i Byggekompaniet som betongarbeidar. I ein fem års periode jobba Blokkum i Vestskog. Han har også vore fjøsmeister på Valen.



Granskogen vert vinsja og køyrd fram til plassen ved Fylkesvegen i Kleivdalssvingen.

No driv han som eigen skogsentrepreneur med lettare utstyr. I meir hektiske periodar leiger han inn ekstrahjelp. Barskogen går til sag på Sandvoll. Noko går til skur, noko til slip. Lauvskogen kan leverast til Kvinnherad Vekstbedrift for vedproduksjon. Han veksler med å vera ute i felten og det å driva med skjering på sag.

I Kleivadalen vert det teke ut om lag 50 kubikk skog. Då er lauvskogen rekna med. Kleivdalssvingen er spesiell grunna det bratte terrenget. Her må ein vera forsiktig og ha ein god plan for at ikkje noko skal gå på sjøen.

Iver Blokkum reknar med ei veke til med arbeid i Kleivadalen. Då er han ledig for nye oppdrag i Uskedalen. Det kan vera hogst og rydding på mindre teigar og gjerne på plassar der det er vanskeleg å koma til. Han har tidlegare vore på Rød og utført arbeid for Runar Myklebust.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal